

Fråværsreglar ved Tveit Vgs. og andre vidaregåande skular

Jf. opplæringslova og privatskulelova

(Økonomiforskrift til privatskulelova § 13, forskrift til privatskulelova § 3-46)

Det er ikkje tillate å vera vekke frå undervisning i meir enn 20 dagar i løpet av eit skuleår utan godkjend dokumentasjon (kun legeerklæring).

Desse går under udokumentert fråvær:

- tannlege
- optiker
- sjukdom utan legeattest
- køyretimar
- med meir

Om ein elev er vekke i meir enn 20 dagar utan dokumentert fråvær i løpet av eit skuleår, mistar skulen statstilskotet for denne eleven og kan belasta eleven/føresette med auka skulepengar. Einaste godkjend dokumentasjon er legeerklæring.

Opplæringslova og privatskulelova seier også at om det er mogleg skal eleven leggja fram dokumentasjon av fråværet på førhand.

For å oppretthalda god ordenskarakter må eleven levera eigenmelding på sjukdom eller dokumentasjon frå tannlege, optiker, køyretimar osv.

Om eleven har dokumentert fråværet, kan han/ho krevje at dette vert lagt ved vitnemålet eller kompetansebeviset.

Eleven kan krevje at inntil *ti* fråværsdagar ikkje verte førte opp på vitnemålet eller kompetansebeviset om det kan dokumenterast at fråværet skyldast:

- a. helse- og velferdsgrunner
- b. arbeid som tillitsvald
- c. politisk arbeid
- d. hjelpearbeid
- e. lovpålagt oppmøte
- f. representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå

«For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet eller på kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

Organisert studiearbeid og skoleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller dagleg leiar, skal ikkje reknast som fråvær.

Innanfor ramma av ti skoledagar kan elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, krevje at inntil to dagar fråvær som er knytt opp mot ei religiøs høgtid, ikkje bli ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset.»

Jmf. § 3-46 i forskrifta til privatskulelova

Tveit Vidaregåande Skule, juni 2015

Randi I. Rettedal
-Rektor-

Dokumentet er godkjent elektronisk, derfor er det ingen signatur.